

Saksbehandlar: Olav Skarsbø
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 11/2716-70

Søknad om omdisponering av breibandmidlar - Fjaler kommune

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slik vedtak:

Fjaler kommune får avslag på søknad om omdisponering av breibandmidlar tildelt Øvre Guddal (Heggheim/Steinset).

Vedlegg:

Søknad frå Fjaler kommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane vedteken i fylkestinget 17.04.12

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Hovudutvalet for plan og næring avslår søknad frå Fjaler kommune om omdisponering av breibandmidlar frå Øvre Guddal.

2. Bakgrunn

Fjaler kommune fekk i juli 2010 eit tilskot på inntil kr. 200 000 til utbygging av breiband i område Heggheim-Steinset. I september 2011 fekk kommunen tilsegn om kr. 240 000 til utbygging av mobildekning i Øvre Guddal (Heggheim - Steinset).

Fjaler kommune opplyser at Telenor har gjennomført utbygging av mobilnettet for tale og data og at dei tek heile kostnaden med denne utbygginga. Det er difor ikkje behov for statleg og kommunalt tilskot. Fjaler kommune søker om å få nytta midlane til eit nytt prosjekt, fiberutbygging på Lutelandet.

3. Saksvurdering

Hovudutval for plan og næring gjorde i møte 24.05.2011 vedtak om utlysing av breibandmidlar. 9 millionar kroner vart fordelt i tre kategoriar.

- Kr 6,58 mill. til fiberprosjekt, lokal eigendel 40%
- Kr 2,0 mill. til andre typar breibandprosjekt, mobil og kopar - lokal eigendel 50%
- Kr 0.42 mill til fagleg oppfølging av prosjekta i regionane

Det kom inn søknadar frå 13 kommunar. Det vart søkt om kr. 18.566.100 i støtte fordelt på kr. 15.044.000 til fiberprosjekt og kr. 3.522.100 til mobil- og radioprojekt. Alle mobil- og radioprojekt fekk tilsegn, medan 6 av totalt 15 fiberprosjekt med ein samla søknadssum på 6,4 millionar ikkje nådde opp i denne tildelinga.

Fjaler kommune hadde ingen søknader på fiberprosjekt, men fekk vedtak om tilsegn til to mobilprosjekt. Prosjektet i Øvre Guddal (Heggheim-Steinset) fekk tilsegn om kr. 240 000.

Eit vesentleg punkt i vurdering om omdisponering av midlane er om fiberutbygging på Lutelandet ville stått like sterkt som dei 9 prosjekta som fekk tildelt midlar i 2011. Ved tildelinga i 2011 var det etablert tre verksemdar på Lutelandet. Fiber til Lutelandet ville i første

omgang løyse behovet i næringsområdet, men ville kunne utvidast til Våge skule og fleire husstandar.

Søknad gjeld omdisponering frå ein søknadskategori (mobil, radio, kopar) til fiber, der konkuransen om midlar var størst ved denne tildelinga. Lutelandet er eit nytt prosjekt.

Vi har tidlegare ikkje omdisponert midlar frå ein kategori til ein anna kategori. Det er utan tvil behov for fiber på Lutelandet, men prosjektet er ville ikkje nådd opp i konkuransen med dei andre prosjekta som fekk tilsegn i 2011. Ut frå ei heilskapsvurdering finn vi det rett avslå søknaden. Saka er drøfta i IT-forum sitt breibandforum.

4. Konklusjon/tilråding

Hovudutvalet for plan og næring avslår søknad frå Fjaler kommune om omdisponering av breibandmidlar frå Øvre Guddal.

Midlane det er gitt tilsagn om til Øvre Guddal vil bli nytta til medfinansiering av nye breibandprosjekt i fylket.